



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6654 - 20/17001

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
30.03.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 172/208 Hopland

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 172/208
Tiltakshavar: Seim Eiendomsutvikling AS
Ansvarleg Seim Bygg AS
søklar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.03.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og ber om at søknaden vert supplert med følgjande:

- Situasjonsplan der plassering av muren er vist og avstand til nabogrenser er oppgitt.
- Ansvarsrett for prosjektering av mur.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.05.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søklar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Seim Eiendomsutvikling AS Nesbrekka 28 5912 SEIM

Mottakarar:

Seim Bygg AS Nesbrekka 28 5912 SEIM